



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato
19.10.2015
Dykkar dato
15.09.2015

Vår referanse
2015/11993 461.2
Dykkar referanse

Norconsult AS
Postboks 1199
5811 BERGEN

Uttale til søknad om midlertidig utviding av utsleppsløyve frå avløpsreinseanlegg - Hilland Vest - Lindås kommune

Vi viser til oversending datert 10. september 2015 om søknad om mellombels utsleppsløyve for auka tilknyting til eksisterande avløpsutslepp.

Lindås kommune, Teknisk drift, avdeling for vatn og avløp søker om løyve til auka utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Hilland vest. Utsleppsløyve av 16. juni 1999 omfattar utslepp frå slamavskiljar med maksimalt 400 pe (personekvivalentar) tilknytt. Grunna planlagt bustadutbygging i to nye bustadfelt, ventar ein at busette vil auke til 1200 pe. Det vert søkt om eit mellombels utsleppsløyve, då alt avløpsvatnet på sikt skal overførast til sentralt reinseanlegg. Eksisterande utslepp på Hilland Vest vert oppretthalde som utsleppstad. Avløpsvatnet frå dei nye bustadfelta Vindkallen og Haghaugen vert ført til nye slamavskiljarar lokalt, før det reinsa avløpsvatnet vert overført til Heimetangen og vert kopla til utsleppsleidningen til det eksisterande utsleppet.

Avløpsanlegget ligg i mindre følsamt område, jf. vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11 i forureiningsforskrifta. Avløpsvatnet vert reinsa i slamavskiljar. Både nye og eksisterande slamavskiljarar skal drivast i samsvar med krava i § 13-6 til § 13-16. Utsleppet vert auka vesentleg, jf. § 13-8 i forureiningsforskrifta og må då tilfredstille reinsekravet i bokstav a eller b i forskrifta.

Kommunen må krevje at både eksisterande slamavskiljarar og nye slamavskiljarar vert utforma slik at prøvetaking kan skje i tråd med forureiningsforskrifta, §13-12 Prøvetaking.

Forureiningsforskrifta har standardkrav til utsleppsløyve. Kommunen som forureiningsmynde har plikt til å vurdere om løyvet oppfyller krava i vassforskrifta og naturmangfaldlova. Det vil sei at kommunen må la det gå fram av vedtaket om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta § 13-5 om handsaming av søknaden, at de har vurdert om bygging av anlegget og utsleppsløyvet vil kunne skade naturmangfaldet i området.

Vi har ikkje andre kommentarar til søknaden.

Med helsing

Britt Solheim
senioringenør

Sissel Storebø
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune, Teknisk drift, avdeling for vann og avløp

Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ